



Andreas Bjørsvik med band klar på scenen.

I fjor vart Lambasleppet arrangert for første gong. I år vart dette tilbodet for unge talentfulle artistar fulgt opp. Gjennom året har Festidalenfolka i samarbeid med Brak gjennomført området etter talent som hadde vorte plukka ut til å stå på scenen laurdag. Fleire prisar vart delt ut til deltakarar.



Andreas Bjørsvik (med gitaren) og bandet før dei går på scenen.

Lambasleppet fekk ein flott start då Andreas Bjørsvik med band var første innslag frå scenen i Båthamna i Uskedalen. Bjørsvik har etter musikklinja ved Stord vidaregåande skule nettopp avslutta eit år på folkehøgskule der han har studert musikkproduksjon. På Lambasleppet presenterte han sjølv laga stoff. Dei tre låtane viser at guten er eit stort talent både som låtskrivar og framførar. Det var melodiest og fint. Verkeleg bra. Han er no godt i gang med innspelingsarbeidet av ein EP, og den vil vera i salg innan kort tid. Med seg hadde han eit band samansett av unge, dyktige musikarar frå Kvinnherad og Stord. Kusina hans Marion Bjørsvik trakterer tangentar og vokal, medan Eirik Brakestad spelar gitar. Desse kjem frå Valen og har alle tre mange år bak seg i Kvinnherad kulturskule. Eg hugsar Andreas og Eirik frå dei svært unge briljante på gitar saman på kulturskulekonserter. Dei har spela saman i 10-12 år.

To Stordabuar var også i bandet, Henrik Gjøsæter(gitar og vokal) og Mathias Steffensen(bass). Desse har tilliks med dei 3 vebuane bakgrunn frå musikklinja på Stord. Sistemann i bandet var trommis og uskedaling Sindre Aksnes som skulle vera velkjend frå å ha bevist talentet sitt i mange ulike samanhengar.

Ein av publikummarane som likte det han høyrde frå bandet var den etablerte musikaren og bassisten Ruben Aksnes. Med erfaring frå fleire gode band er han no etablert som heiltidsmusikar i Oslo. Saman med det nye bandet sitt Dreamarcher er han klar for Europa-turnè om kort tid.

- Eg er vel litt partisk, men eg syns dette var fint. Heile bandet fungerte fint, og det var flinke musikarar. Dette var ein god start, var dommen frå Ruben Aksnes.

Underteikna rakk berre å høyra 2 grupper til før eg måtte hasta vidare til neste arrangement. Dei lét også bra. Frå fleire musikyndige publikummarar var dommen klar. Nivået på årets Lambaslepp var jamnare og betre enn i fjor. Det var mykje bra fram til det vart avslutta med ein særskild god finale av Møblo.

Andreas Bjørsvik og gjengen vart ikkje blant dei som juryen premierte, men dei gav publikum ei flott oppleving. Neste mål bør vera å stå på hovudscenen på Dønhaug. Det hadde vore stas!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.